



Innkalling  
av  
Eldrerådet

**Møtedato:** 02.09.2014  
**Møtestad:** 1.etg.vest, rådhuset  
**Møtetid:** 10:00 - 13:00

Eventuelle forfall må meldast til Margrethe Høyland per tlf. 56 37 51 61, sms til eller per epost til Margrethe.Hoyland@lindas.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

**Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
009/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
010/14	Godkjenning av møteprotokoll
011/14	1. gangs handsaming av reguleringsplan Statoil Industriområde, Mongstad
012/14	Framlegg til områdeplan for Knarvik sentrum til uttale
013/14	Høyrings svar på endringar i byggeteknisk forskrift, hausten 2014.
014/14	Ny 1. gangs handsaming av reguleringsplan Apalen Sør, gbnr 202/1 m.fl.
015/14	Ny 1. gangs handsaming av reguleringsplan Haghaugen felt B, gbnr 134/466 m.fl.
016/14	Leiar orienterer.

21. august 2014

Tore Svendsen  
møteleiar

Margrethe Høyland  
møtesekretær

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
009/14	Eldrerådet	PS	02.09.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Margrethe Høyland	14/6103

## Godkjenning av innkalling og saksliste

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent

### Saksopplysningar:

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
010/14	Eldrerådet	PS	02.09.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	14/6103

## Godkjenning av møteprotokoll

### Vedlegg:

Protokoll - Eldrerådet - 13.05.2014

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent

### Saksopplysningar:



## Møteprotokoll for Eldrerådet

**Møtedato:** 13.05.2014  
**Møtestad:** Møterom 1.etg.vest  
**Møtetid:** 10:00 - 12:00

Reidun Sæbdal orienterer om hjelpemidlar.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Kåre Bastesen		Medlem
Tore Svendsen		Utvalsleiar

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Ingrid Hindenes	H	Medlem
Karl Johan Olsen		Medlem
Magnhild Marie Haugen		Nestleiar

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Eldbjørg Valle		Varamedlem
Kåre Østrem	H	Varamedlem
Rune Seim		Varamedlem

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Margrethe Høyland, Reidun Sæbdal

---

Reidun Sæbdal orienterte om tilrettelegging av hjelpemidler. Universell tilrettelegging og individuell tilrettelegging er regulert i lovverket. Folketrygdloven regulerer for individuell tilrettelegging, og målet er å klara seg sjølv. Det er mykje hjelp å få og det er mange gode stønadsordningar i lovverket. Det er ein hjelpemiddelsentral i kvart fylke, i Hordaland ligg den på Kokstad, og kommunane skal ha mottak for vidare formidling av hjelpemidlar. Kommunen låner ut hjelpemidlar for kortare tidsrom. I forhold til NAV er det ein søknadprosess. Varig nedsett funksjonsevne og behovet for hjelpemiddel må grunngjevast av ergoterapeut/fysioterapeut. Varig treng ikkje vera på livstid, men f.eks 2 år. NAV leverer ikkje hjelpemidlar på kort tid, f.eks veker. I siste fase i livet er det eit varig behov og då kan NAV hjelpe. Ein kan få avslag frå NAV og kan då anke til trygderetten.

**Brukarråda:** Orientering frå Grethe Korsøen vert teke til orientering, og fylgd opp på neste møte.

**Eldrerådet ber rådmannen ta stilling til dette:**

- Eldrerådet ber rådmann/ordførar vurdere i budsjettet for 2015 å avsette tid og midlar for logoped og helsesøster for de eldre.

- Eldrerådet er glad for at ass.rådmann og ordfører er positiv til at det vert laga ei brosjyre over tilbod til eldre m/kontaktpersoner. Eldrerådet ber om at arbeid med slik brosjyre vert starta opp snarast,
- Eldrerådet ber om at det vert vurdert i budsjettsammenheng for 2015 å tilby skyss til dei som ikkje kan komme seg sjølv til seniortreffa.

Lyngtunet var diskutert, og Kåre Østrem tek kontakt med Ingrid Hindenes. Rådet vil ho skal prøve å få Lyngtunet inn i budsjett att.

## Sakliste

Saknr	Tittel
006/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
007/14	Godkjenning av møteprotokoll
008/14	Leiar orienterer.

## 006/14: Godkjenning av innkalling og saksliste

### Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og saksliste vert godkjent

### Handsaming:

Ingen merknader.

Samrøystes vedteke.

---

## 007/14: Godkjenning av møteprotokoll

### Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokollen vert godkjent

### Handsaming:

Møteprotokollen fra møte 01.04.14 vart godkjend.

Samrøystes vedteke.

---

## 008/14: Leiar orienterer.

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Handsaming:**

Ingen orienteringar.

Verte teke til etterretning.

--

-----

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
092/14	Plan- og miljøutvalet	PS	18.06.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Christian H. Reinshol	14/1773

## 1. gangs handsaming av reguleringsplan Statoil Industriområde, Mongstad

### Vedlegg:

Arealplan - planomtale ved endring  
Planomtale Mongstad Statoil industriområde 2013-05-28  
Oppsummering merknader  
Statoil\_industriområde\_Mongstad - Arekologisk registrering  
VA-Rammeplan  
Bestemmelser 2014.01.17  
Arealføremålsplan - oversikt industriområde  
Plangrense Mongstad  
Reguleringsplan-Mongstad 2014  
130530 VA-Rammeplan

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Mongstad, Statoil industriområde, plan-ID 1263-201307, ut til offentlig ettersyn, på følgjande vilkår:

Før planen vert lagt ut til offentlig ettersyn må følgjande endringar gjerast:

- Ny § 1.2.3: Før det kan gjevast midlertidig bruksløyve for nye byggetiltak (med unntak av etablering av faklar) i IND5 og IND6 med tilkomst frå vest, skal rundkøyring ved sambindingsveg, parkbelte og gang- og sykkelsti langs KV4 fram til rundkøyring i plan 1263-201102, og KV5 fram til aktuell avkøyring vere ferdigstilt.
- Ny § 1.2.4: Før det kan gjevast midlertidig bruksløyve for nye byggetiltak i IND6 med tilkomst frå aust, skal Veg f\_V1, inklusiv gang- og sykkelveg og parkbelte, langs N2 i plan 1263-201110, rundkøyringa i plan 1263-201102 og parkbelte og gang- og sykkelsti langs KV4 fram til rundkøyringa i plan 1263-201102 vere ferdigstilt.
- Ny § 1.2.5: Det må vere dokumentert sikra tilgang på vassforsyning (drikkevatt, slukkevatn, prosessvatn, etc.) før kvar enkelt bygning og installasjon kan få godkjent rammesøknad.
- Ny § 1.2.6: Før rammeløyve kan gjevast for utbygging av felt IND3 og IND5-8, skal det ligge føre plan for handtering av overskotsmassar frå utbyggingsområdet. Jordmassar skal primært deponerast på areal der massane kan nyttast til jordbruksføremål. Dersom det ligg



føre kommunal plan eller retningslinjer for massehandtering for området, kan disse nyttast som plan for massehandteringa.

- Ny § 1.5: Lokal overvasshandtering skal leggjast til grunn ved detaljutforming og prosjektering av tiltak. Gjennomføring av bygningsmessige tiltak skal ikkje gje endring i avrenningssituasjonen nedstraums frå byggeområde og vegar. Der oppsamla overvatn vert ført ut i terreng eller ned i grunn skal det gjerast på ein slik måte at det ikkje fører til auka flaumfare eller redusert kvalitet på areala nedstraums for utsleppet.
- Tillegg til § 2.5.1: IND5 kan nyttast til faklar.
- Utdrag frå § 2.6.1: IND6 kan nyttast til faklar.
- Tillegg til §§ 2.5.1, 2.6.1, 2.7.1 og 2.8.1: Utnyttingsgrad kan vere inntil 80 % BYA.
- Ny § 2.13 Energi
- Ny § 2.13.1: Innanfor dei nye byggeområda (IND5-IND8) skal det leggjast til rette for forsyning med vassboren varme. Nye bygg skal leggje til rette for lågt energiforbruk og for energiforsyning frå miljøvennlege energikjelder.
- Ny § 2.13.2: Planområdet ligg innanfor eit planlagt framtidig konsesjonsområdet for fjernvarme. For nye bygningar kan kommunen setje krav om tilknytning til fjernvarmenettet, jamfør pbl § 27-5.

## **Plan- og miljøutvalet - 092/14**

### **PM - behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **PM - vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Mongstad, Statoil industriområde, plan-ID 1263-201307, ut til offentleg ettersyn, på følgjande vilkår:

Før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn må følgjande endringar gjerast:

- Ny § 1.2.3: Før det kan gjevast midlertidig bruksløyve for nye byggetiltak (med unntak av etablering av faklar) i IND5 og IND6 med tilkomst frå vest, skal rundkøyring ved sambindingsveg, parkbelte og gang- og sykkelsti langs KV4 fram til rundkøyring i plan 1263-201102, og KV5 fram til aktuell avkøyring vere ferdigstilt.
- Ny § 1.2.4: Før det kan gjevast midlertidig bruksløyve for nye byggetiltak i IND6 med tilkomst frå aust, skal Veg f\_V1, inklusiv gang- og sykkelveg og parkbelte, langs N2 i plan 1263-201110, rundkøyringa i plan 1263-201102 og parkbelte og gang- og sykkelsti langs KV4 fram til rundkøyringa i plan 1263-201102 vere ferdigstilt.
- Ny § 1.2.5: Det må vere dokumentert sikra tilgang på vassforsyning (drikkevatt, slukkevatn, prosessvatn, etc.) før kvar enkelt bygning og installasjon kan få godkjent rammesøknad.
- Ny § 1.2.6: Før rammeløyve kan gjevast for utbygging av felt IND3 og IND5-8, skal det ligge føre plan for handtering av overskotsmassar frå utbyggingsområdet. Jordmassar skal primært deponerast på areal der massane kan nyttast til jordbruksføremål. Dersom det ligg føre kommunal plan eller retningslinjer for massehandtering for området, kan desse nyttast som plan for massehandteringa.
- Ny § 1.5: Lokal overvasshandtering skal leggjast til grunn ved detaljutforming og prosjektering av tiltak. Gjennomføring av bygningsmessige tiltak skal ikkje gje endring i avrenningssituasjonen nedstraums frå byggeområde og vegar. Der oppsamla overvatn vert ført ut i terreng eller ned i grunn skal det gjerast på ein slik måte at det ikkje fører til auka

- flaumfare eller redusert kvalitet på areala nedstrøms for utsleppet.
- Tillegg til § 2.5.1: IND5 kan nyttast til faklar.
  - Utdrag frå § 2.6.1: IND6 kan nyttast til faklar.
  - Tillegg til §§ 2.5.1, 2.6.1, 2.7.1 og 2.8.1: Utnyttingsgrad kan vere inntil 80 % BYA.
  - Ny § 2.13 Energi
  - Ny § 2.13.1: Innanfor dei nye byggeområda (IND5-IND8) skal det leggjast til rette for forsyning med vassboren varme. Nye bygg skal leggje til rette for lågt energiforbruk og for energiforsyning frå miljøvennlege energikjelder.
  - Ny § 2.13.2: Planområdet ligg innanfor eit planlagt framtidig konsesjonsområdet for fjernvarme. For nye bygningar kan kommunen setje krav om tilknytning til fjernvarmenettet, jamfør pbl § 27-5.

## **Saksopplysningar:**

### **Politisk handsaming**

- Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

### **Bakgrunn**

Statoil ASA har søkt om reguleringsendring for område sett av til industri i Lindås og Austrheim kommune. Reguleringsendringa i hovudsak i samsvar med kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad. Planen erstatter reguleringsplan for Mongstad Industriområde, nordre del (plan-ID: 1263-23012006). Hovudårsaka til reguleringsendringa er at Statoil ASA har erverva gbnr 127/123 i Lindås kommune og no ynskjer å inkludere dette området i reguleringsområdet for Statoil si verksemd.

### **Saka gjeld:**

Plan- og miljøutvalet tek stilling til om planframlegget skal leggjast ut til offentleg ettersyn.

Reguleringsplanen er utarbeidd for Statoil ASA av ABO Plan & Arkitektur AS. Føremålet med planen er å leggje til rette for meir industriareal i Lindås kommune og utvide grønstrukturen som grensar til industriområde i Austrheim kommune. Innanfor det utvida området i Lindås kommune har ein sentral del av arbeidet vore å finne eigna areal til BKK Nett sin nye transformatorstasjon i samband med utbygginga av kraftlinene til Modalen og Kollsnes. Planen skal i tillegg fastsetje grad av utnytting, interne vegløyningar og avgrensing av grønstrukturar. Det er også gjort mindre justeringar i avgrensing industriområde og plassering av vegar i gjeldande reguleringsplan. Planområdet er med ny utviding ca 6350 daa stort.

Området som no vert utvida i Lindås kommune var tidlegare eigd av Hydro og er på om lag 600 daa. I søraust grenser området inntil reguleringsplan for Storemyra industriområde og i nord er området avgrensa av Litlåsåsen. I planarbeidet har det vore sentralt å planlegge tilkomst til BKK Nett sin nye

trafostasjon på Mongstad. Tilkomsveg og plassering av denne og tilhøyrande justeringar av mellom anna flammetårn har vore sentralt, i tillegg til plassering av sikringssonar knytt til høgspenliner. Tilpassing til tilgrensande eksisterande reguleringsplanar i området har også vore eit fokus i planarbeidet.

Næringsområda som inngår i planen er industri, energianlegg og grøntstruktur. Industriområdet er delt inn i 8 delområde fordelt på ulike nivå. Dei nye industriområda IND5-8 opnar mellom anna opp for eit nytt faklingsområde på IND 5 og nye område til lager og støtte/servicefunksjonar knytt til industriområda (IND5-8). Det er lagt inn ei grense på maksimal mønehøgde på c +85 i område IND 7 og 8 for å sikre at bygningane ikkje skal bryte horisonten over Litlåsåsen. Dette er i samsvar med kommunedelplanen. Det er ikkje lagt inn utnyttingsgrad for industriområda IND 1-8. Dei viktigaste endringane elles i planen er:

- Endring av trasé for modulveg
- Lagt inn framtidig ny tilkomst for tankbil
- Flytting av framtidig plassering av faklar
- Endring av vegføring i Litlåsåsen
- Lagt inn ny framtidig fakkellinje for CO2 landfall

Dei viktigaste arealbruksføremåla i planområdet er delt inn i:

- Prosessområde
- Område for kraftproduksjon
- Serviceområde
- Tankområde
- Reinseanlegg
- Fakkellinje (sikringssonar)
- Parkbelte i industriområde
- Transportsonar
- Kaiar
- Administrasjon

Reguleringsplanen er vurdert opp i mot eksisterande planar når det gjeld utforming av trafikkarealet i planområdet. Det er spesielt arealet som grensar til sambindingsvegen mellom baseområdet og raffineriet som er har vore sentralt å samkøyre med dei andre reguleringsplanane i området. Her er vegsystemet samkøyrd med reguleringsplanane for Storhamn Mongstad og Storemyra industriområde. Næringsområda søraust i planområdet får framtidig tilkomst frå sør, gjennom tunnel frå Hope. Dei vil dele denne tilkomsten med næringsareala i Storemyra og Storhamn Mongstad. Tilkomsveg til ny trafostasjon er planlagt frå eksisterande sambindingsveg og det er regulert inn ei framtidig rundkøyring i dette krysset. Til raffineriområdet er det planlagt tilkomst frå nord, og ein vil på sikt vurdere å avgrense trafikken på eksisterande sambindingsveg mellom basen og raffineriet når dei planlagde vegsystema er på plass. Det er ikkje knytt nokre rekkefølgekrav knytt til tidspunkt for etablering av nye vegar i området.

Det er utarbeidd eigen VA-rammeplan for området. Denne viser til korleis handtering av spillvatn,

overvatn og tilknytning til drikkevatt og brannslukkevatn er planlagt. Det går høgspennelinjer gjennom området i dag, og desse vil verte noko justerte i høve etableringa av kraftlina mellom Modalen-Mongstad-Kollsnes. Naudsynte sikringssonar for desse linene er sikra i plankartet.

Reguleringsplanen legg opp til relativt store inngrep i landskapet i området. Plandokumenta viser til at området har liten verdi som landbruksområde og det er mest skog i området. Delar av planområdet kjem innanfor område som er sett av med omsynssone friluftsliv i kommunedelplanen. Planlagt industriområde kjem utanfor denne sona og det vert vurdert at den planlagde utbygginga ikkje vil få vesentlege negative verknader for friluftslivet. Det er også registrert nokre kulturminne innanfor planområdet. Desse er merka med omsynssonar og det er ikkje tiltak som vil kome i konflikt med desse.

### **Vurdering**

Reguleringsplanen for Statoil sitt industriområde på Mongstad er ein omfattande plan som femner over eit stort område. Det er gjort nokre mindre endringar i høve førre reguleringsplan for området, og det er lagt til eit større næringsområde i Lindås kommune. Dei nye områda innanfor planområdet er ikkje planlagt med prosessindustri, men berre lager og støtte/servicefunksjonar og anleggsleir. I tillegg er eitt område satt av til framtidig mogleg faklingsområde.

Når det gjeld endringane knytt endring av trasé for modurveg, ny tilkomst for tankbil, flytting av framtidig plassering av faklar, endring av vegføring i Litlåsen og framtidig fakkel for CO2 landfall, har administrasjonen ingen spesielle merknader og meiner dette er føremålstenlege tilpassingar innanfor området.

Det store nye tilleggsarealet som er erverva frå Hydro, ligg inntil større næringsområde som er regulert i tre reguleringsplanar (Storhamn Mongstad, Storemyra industriområde og Mongstad industriområde, deler av). Administrasjonen vil peike på at det er sentralt at desse næringsområda får ein heilskapleg profil, sjølv om det er lite truleg at Statoil vil ha behov for å bygge ut desse områda med det første. Spesielt sidan det i dei nye områda vert opna opp for andre tiltak enn prosessindustri er det viktig at ein får tilsvarande føringar på desse områda som i naboområda. Administrasjonen meiner at sjølv om ein har lagt seg inntil dei eksisterande planane reint planteknisk, så er ikkje innhaldet følgt opp på same måten. Dei viktigaste manglane vert gått gjennom under.

Områda IND 5-8 er nye område i høve den opphavlege reguleringsplanen. Ingen av desse områda er planlagt med prosessindustri. Område IND 5 er sett av til mellom anna mogleg framtidig faklingsområde. Området ligg i hovudsak i Austrheim kommune og har tilkomst delvis frå den planlagde rundkøyringa ved Mongstad Vekst-området, via tilkomstvegen som vert etablert til BKK sin nye trafo-stasjon i samband med utbygginga av kraftlina Kollsnes-Mongstad-Modalen. Det er per i dag ikkje satt nokre krav til BKK om at denne rundkøyringa skal vere etablert saman med etableringa av trafo-stasjonen, då denne saka ser ut til å verte handsama etter energilova. Det er heller ikkje sikra i reguleringsplanen nokre rekkefølgjekrav knytt til opparbeiding av rundkøyringa i samband med opparbeiding av næringsområda som skal bruke vegen. Det same gjeld for vegtilkomst til IND 6, som

også vil få tilkomst frå aust, via den nye sambindingsvegen som er regulert i reguleringsplan for Storemyra industriområde. Her er det ikkje knytt nokre krav knytt til etablering av vegen med rundkøyring før ein utviklar området. Det er administrasjonen si vurdering at det må sikrast ei heilskapleg utvikling av vegsystemet i dei nye næringsområda utanom dei områda som er sett av til prosessindustrien og administrasjonen vil tilrå å føye til følgjande rekkefølgekrav:

- Ny § 1.2.3: *Før det kan gjevast midlertidig bruksløyve for nye byggetiltak (med unntak av etablering av faklar) i IND5 og IND6 med tilkomst frå vest, skal rundkøyring ved sambindingsveg, parkbelte og gang- og sykkelsti langs KV4 fram til rundkøyring i plan 1263-201102, og KV5 fram til aktuell avkøyring vere ferdigstilt.*
- Ny § 1.2.4: *Før det kan gjevast midlertidig bruksløyve for nye byggetiltak i IND6 med tilkomst frå aust, skal Veg f\_V1, inklusiv gang- og sykkelveg og parkbelte, langs N2 i plan 1263-201110, rundkøyringa i plan 1263-201102 og parkbelte og gang- og sykkelsti langs KV4 fram til rundkøyring i plan 1263-201102 vere ferdigstilt.*

Det er ikkje fastsett noko utnyttingsgrad i dei nye områda sett av til industri. Administrasjonen meiner at det er føremålstenleg at ein i områda som ikkje er avsett til prosessindustri opererer med vanlege krav knytt til utnyttingsgrad. Administrasjonen vil tilrå at ein avgrenser utnyttingsgraden tilsvarande satsen for Storemyra innanfor desse områda, og set BYA til 80%. For områda IND7 og IND8 er det i tillegg satt ei øvre byggehøgde på kote +85 meter for å sikre at bygga ikkje bryt horisonten over Litlåsåsen.

- Tillegg til §§ 2.5.1, 2.6.1, 2.7.1 og 2.8.1: *Utnyttingsgrad kan vere inntil 80 % BYA.*

Når det gjeld handtering av overvatn er dette omtalt i VA-rammeplanen, men ikkje sikra i føresegnene. Administrasjonen vil tilrå at ein legg til grunn tilsvarande føresegn knytt til overvatn som for resten av næringsområda i tilknytning til det nye området i reguleringsplanen.

- Ny § 1.5: *Lokal overvasshandtering skal leggast til grunn ved detaljutføring og prosjektering av tiltak. Gjennomføring av bygningsmessige tiltak skal ikkje gje endring i avrenningssituasjonen nedstrøms frå byggeområde og vegar. Der oppsamla overvatn vert ført ut i terreng eller ned i grunn skal det gjerast på ein slik måte at det ikkje fører til auka flaumfare eller redusert kvalitet på areala nedstrøms for utsleppet.*

Det er knytt utfordringar til både dagens og framtidig vassforsyning til både Mongstadområdet med alt næringslivet som er i området og også anna busetnad i i Mongstadregionen inkludert Austrheim. Det er ulike planar under utarbeiding for å møte desse utfordringane både når det gjeld drikkevatt, prosess/industrivatn, slukkevatn, etc. Felles for alle er at det vil verte enno større behov for ein i dag knapp ressurs og at det må gjerast grep for at ein får på plass ei tilstrekkeleg forsyning av vatn til området. Administrasjonen ynskjer difor å ta med eit generelt rekkefølgekrav for reguleringsplanen som er tilsvarande det som vert sett som krav i reguleringsplanane Storemyra industriområde og Storhamn Mongstad. Dette skal vere med på å sikre at kommunen har kontroll på at det er

tilstrekkeleg med vassforsyning til nye tiltak som vert etablert innanfor området og at ein på denne måten bidreg til å unngå at det vert problem med dei ulike vassforsyningane til eksisterande aktivitetar i området.

- *Ny § 1.2.5: Det må vere dokumentert sikra tilgang på vassforsyning (drikkevatt, slukkevatn, prosessvatn, etc.) før kvar enkelt bygning og installasjon kan få godkjent rammesøknad.*

I høve energiforsyning ligg det føre planar om å etablere fjernvarmett i området. Administrasjonen meiner det er føremålstenleg å ta med likelydande føresegner knytt til energiforsyning som i dei tilgrensande planane Storemyra industriområde og Storhamn Mongstad. Dette for å sikre at nye konstruksjonar kan dra nytte av og skape grunnlag for meir miljøvenleg energiforsyning i området.

- *Ny § 2.13 Energi*
- *Ny § 2.13.1: Innanfor dei nye byggeområda (IND5-IND8) skal det leggjast til rette for forsyning med vassboren varme. Nye bygg skal leggje til rette for lågt energiforbruk og for energiforsyning frå miljøvennlege energikjelder.*
- *Ny § 2.13.2: Planområdet ligg innanfor eit planlagt framtidig konsesjonsområdet for fjernvarme. For nye bygningar kan kommunen setje krav om tilknytning til fjernvarmenettet, jamfør pbl § 27-5.*

I høve føresegnene til planen kan det sjå ut som om føresegna for IND5 og IND6 er forveksla eller skrive feil. I kartet er område for framtidig fakling vist på IND5, mens føresegnene opner opp for dette føremålet på IND6. Administrasjonen vil tilrå at punktet om fakling blir fjerna frå § 2.6.1 og teke inn i § 2.5.1.

- *Tillegg til § 2.5.1: IND5 kan nyttast til faklar.*
- *Utdrag frå § 2.6.1: IND6 kan nyttast til faklar.*

Det er i planframlegget ikkje omtalt korleis ein skal handtere overskotsmassar som følgje av utbygginga av dei nye planområda. Det er store område som potensielt skal byggast ut, og administrasjonen meiner det er sentralt at ein så langt som råd ser på moglegheita for å utnytte jordmasser som vert fjerna frå industriområda. For reguleringsplanane Storemyra industriområde og Storhamn Mongstad er det sett krav til at det skal gjerast greie for massehandteringa som følgje av utbygginga i søknadsprosessen om tiltak. I samband med framtidig utbygging av Storemyra, ser ein no at det vert utfordringar knytt til plassering av jordmassar dersom det kjem store utbyggingar av større overflater. Det blir då ei utfordring å plassere massane på eigna område eller i deponi då det er store mengder som skal flyttast samstundes. Administrasjonen ser det som føremålstenleg å få inn eit rekkefølgekrav om at det må føreligge ein massehandteringsplan som gjer greie for korleis dei aktuelle massane skal handterast, anslag på volum og eventuelle andre viktige opplysningar før rammesøknad vert godkjent. Dette for å sikre ei god utnytting av jordressursane som ligg i området. Det kan også vere føremålstenleg å knyte til ein føresegn om at dersom det ligg føre kommunal plan for massehandtering, så er denne førande for korleis massane skal handterast. Administrasjonen jobbar med moglegheita for å starte opp ein kommunedelplan som tek for seg utfordringane knytt til massehandtering innanfor utbyggingsområda på Mongstad, på bakgrunn av den no truleg svært

framskynda utbygginga av store næringsareal i området.

- *Ny § 1.2.6: Før rammeløyve kan gjevast for utbygging av felt IND3 og IND5-8, skal det ligge føre plan for handtering av overskotsmassar frå utbyggingsområdet. Jordmassar skal primært deponerast på areal der massane kan nyttast til jordbruksføremål. Dersom det ligg føre kommunal plan eller retningsliner for massehandtering for området, kan desse nyttast som plan for massehandteringa.*

Når det gjeld tilhøvet til friluftsliv og grøntområde innanfor planområdet, og då spesielt tilhøvet til Litlåsåsen som buffersone mellom industriområdet og busetnaden i området, er næringsarealet avgrensa til å omfatte områda som er sett av til næring i kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad. Dei grøntområda som er tekne med i planen er vist som LNF-område i kommunedelplanen. Det er også sikra maksimale mønehøgder for å sikre at nye bygg (utanom eventuelle nye faklar i IND5) ikkje vil bryte horisonten over Litlåsåsen. Administrasjonen meiner soleis at omsyna til natur og friluftsliv er ivareteke på ein god måte i planframlegget.

Oppsummert meiner administrasjonen at reguleringsplanen må tilpassast noko betre i høve dei tilliggande næringsområda Storemyra industriområde, Storhamn Mongstad og Mongstad industriområde, deler av. Med dei tilrådde tilleggane i føresegnene, meiner administrasjonen at dei viktigaste tilpasningane kjem med i planframlegget. I tillegg er det viktig å få sikra at vassforsyninga til området er tilstrekkeleg og at kommunen som leverandør av vatn til verksemdene er premissgjevar for kva som kan etablerast innanfor den kapasiteten som er tilgjengeleg for vatn. Administrasjonen meiner at reguleringsplanen med dei skisserte endringane kan sendast ut på høyring og offentleg ettersyn.

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
	Formannskapet	PS	
012/14	Eldrerådet	PS	02.09.2014
	Levekårsutvalet	PS	
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Frøydis Ones	14/1135

## Framlegg til områdeplan for Knarvik sentrum til uttale

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

### Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

#### *Politisk handsaming*

*Saka skal til uttale i Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Levekårsutvalet, og Formannskapet. Plan- og miljøutvalet tek stilling til merknadene etter høyringsfristen 22. september. Kommunestyret får seinare områdeplanen for Knarvik sentrum til handsaming.*

#### **Bakgrunn**

*Plan- og miljøutvalet vedtok i møte den 18. juni, sak 93/14, å leggje områdeplan for Knarvik sentrum til offentleg ettersyn:*

«

#### *Områdeplan Knarvik sentrum - andre gongs handsaming*

#### **Vedlegg:**

*Planomtale*

*Plankart - vertikalnivå 1 - logo NY*

*Plankart - vertikalnivå 2 - logo NY*



Plankart - vertikalnivå 3 - logo  
Reguleringsføresegner Knarvik endelig  
VedleggA - grøn overflatefaktor  
VedleggB - grønne punkt  
VedleggC - illustrasjonsplan  
Kvalitetsprogram  
Føresegnssoner

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Plan- og miljøutvalet legg områdeplan for Knarvik sentrum til offentlig ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10.

**Plan- og miljøutvalet - 093/14**

**PM - behandling:**

**Fellesframlegg:**

Som rådmannen sitt framlegg: Plan- og miljøutvalet legg områdeplan for Knarvik sentrum til offentlig ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova §12-10) med fylgjande endring:

-Føresegna punkt 4.12 vert endra til Almenning.

-Føresegna punkt 4.12.1 vert endra til: Areal i ulike reguleringsføresmål som vender mot o\_ST1, o\_ST2, og o\_ST3, (Almenningen) skal nyttast til publikumsretta verksemd innanfor reguleringsføre målet.

- I plankartet, vertikalnivå 2, er liner for alle bestemmelsesområda lagt inn, og i tillegg vert:

\* byggegrensa for bestemmelsesområdet #16 lagt inn.

\* byggegrensa for bestemmelsesområdet #8 lagt inn.

Kåre Romarheim-Krf var ugild i handsaming av denne saka grunna økonomiske interesser i planen.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

**PM - vedtak:**

Plan- og miljøutvalet legg områdeplan for Knarvik sentrum til offentlig ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10, med fylgjande endring:

*-Føresegna punkt 4.12 vert endra til Almenning.*

*-Føresegna punkt 4.12.1 vert endra til: Areal i ulike reguleringsføremål som vender mot o\_ST1, o\_ST2, og o\_ST3, (Almenningen) skal nyttast til publikumsretta verksemd innanfor reguleringsføremålet.*

*- I plankartet, vertikalnivå 2, er liner for alle bestemmelsesområda lagt inn, og i tillegg vert:*

*\* byggegrensa for bestemmelsesområdet #16 lagt inn.*

*\* byggegrensa for bestemmelsesområdet #8 lagt inn.*

### **Saksopplysningar:**

#### **Politisk handsaming**

*Plan- og miljøutvalet tek stilling til om planframlegget skal leggjast til offentleg ettersyn. Ved offentleg ettersyn får dei politiske utvala (Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Levekårsutvalet, og Formannskapet), saman med andre høyringsinstansar, høve til å kome med uttale til framlegget før plan- og miljøutvalet igjen får planen til handsaming. Utvalet innstiller til kommunestyret som skal vedta planen.*

#### **Bakgrunn**

*Områdeplan for Knarvik sentrum vart vedteke lagt ut til offentleg ettersyn i sak 13/12, møte den 25.01.2012. Høyringsperioden var frå 08.02.2012 til 11.04.2012. Det kom inn 30 merknadsbrev til planen i samband med høyringa. Ein av merknadene inneheldt motsegn. Med bakgrunn i denne, og fleire av merknadene som kom til planframlegget, valde styringsgruppa for planarbeidet å arbeida meir med planen. Arbeidet med kvalitetsprogrammet vart framskunda, og har vore sentralt i arbeidet med planen fram til andre gongs handsaming.*

*Planframlegget inneheldt plankart, planomtale, føresegner med vedlegg, illustrasjonsplan og kvalitetsprogram. Fleire utgreiingar er gjennomført i hovudsak knytt til trafikkavvikling. Desse ligg til grunn for planen slik den ligg føre no. Det er og gjort vurderingar knytt til kostnader og finansiering m.m. Dette grunnlaget er unnateke offentlegheit på grunn av seinare anbod og konkurranse.*

#### **Plandokumenta**

**Plankartet** og **føresegna** med tilhøyrande vedlegg er dei juridiske dokumenta som skal leggjast til grunn for tiltaka innanfor planområdet. **Planomtalen** skal tydeleggjere omsyna bak, og vise verknadene av planen.

**Plankart** er teikna ut for 3 nivå, under bakken, på bakken og over bakken. Kartet viser dei ulike arealføremåla med byggegrense, formålsgrænse, med meir.

**Føresegna** inneheldt:

-Felles føresenger om utnyttingsgrad: byggehøgde og – lengde, byggjegrænser og fasadelengde, minste utomhusareal, universell utforming, parkering, støy, energi, grøn overflatefaktor, grønne punkter, renovasjon, utbyggingsavtale, overvatn, og tekniske anlegg.

-Krav til utfyllande planar og dokumentasjon: krav til detaljregulering, forholdet til illustrasjonsplan og kvalitetsprogram, krav til utomhusplan, til VA plan, til vegplanar, evt. grunnundersøkingar og forureina grunn.

-Krav til rekkefølge: i forhold til offentlege veganlegg, private offentlege og fellesareal, offentlege torg og gatetun, leikeplassar og grøntområde.

-Krav til bygningar og anlegg: Blokker, sentrumsføremål, og tenesteyting

-Krav til samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

-Krav til grønstruktur

-Krav til bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

-Krav til omsynssone

**Planomtalen** skal tydeleggjere omsyna bak planen, og skal vise verknadene av planframlegget.

Dette dokumentet skildrar:

-Bakgrunnen for planarbeiet

-Planprosessen

-Planstatus og overordna føringar

-Omtale av planområdet, dagens situasjon

-Omtale av planforslaget

-Konsekvensar av planforslaget

-Vurdering av alternativ

-ROS, risiko og sårbarhet

-Merknader ved første gongs offentleg ettersyn

**Kvalitetsprogrammet** gjeld for heile planområdet og skal vera eit detaljert styringsverktøy for å sikra ynskt funksjonalitet og kvalitet i felles og offentlege byrom, og felles grøntområde. Programmet skal leggjast til grunn for utforming av rammesøknader og detaljplanar. Ein konsekvens av dette er at ein for ein skilde felt kan gå rett på rammesøknad dersom innhaldet i søknaden oppfyller kvalitetsprogrammet og gjennom det er i samsvar med områdeplanen. Det er utarbeidd sjekklister for dei ein skilde delområda, jf. kvalitetsprogrammet, som skal fyllast ut og leggjast ved søknad om rammeløyve. Desse sjekklisene skal vera ei hjelp i vurderinga om krava i kvalitetsprogrammet er nådd. Kvalitetsprogrammet skal og leggjast til grunn for utarbeiding av detaljplan. I den samanheng må utbyggjar dokumentera at kvalitetane i programmet vert følgd opp.

**Illustrasjonsplanen** (som ikkje er utarbeidd for heile planområdet) er eit kart som gjennom føresegna er gjort juridisk bindande for utforming av offentlege byrom. Denne illustrasjonsplanen viser ei mogleg utforming av småbyen Knarvik slik det kan verte om ein legg til grunn prinsippa for

planarbeidet. Alle bygg og bygningskroppar slik dei er vist er illustrative.

**Grøn overflatefaktor (GOF)** vil bidra til ei generell kvalitetsheving av utemiljøet i heile planområdet. Det er ein reknemodell som er utvikla som hjelp for utbyggjar og kommunen i vurdering av enkeltsaker. Føremålet med denne formelen er å ta hand om overflatevatnet gjennom å etablera grønne flater som kan ta opp vatn, og slik bremsa avrenninga frå eit område. Denne løysinga bidreg med andre ord til å gje eit uterom grønnare preg samstundes som det har ein praktisk funksjon i å ta hand om ei auka mengd med overflatevatn.

**Grøne punkt (GP)** skal syta for biologisk mangfald i heile planområdet, og er ei liste (ikkje uttømmende) over tiltak som kan veljast for å gje det einskilde uteområdet eit særlege blå-grønt preg.

### **Planområdet**

Planområdet er på totalt 390 dekar. Då planarbeidet starta opp i 2010 var det registrert 120 menneske busett innanfor dette planområdet Byggjeområdet er på 213 dekar. I dette området kan det maksimalt førast opp nesten 390 000 m<sup>2</sup> bygg (%BRA). Ei fordeling på dei ulike arealføremåla kan vere slik:

- bustad: 150 000 m<sup>2</sup>
- næring/handel: 128 000 m<sup>2</sup>
- kontor: 18 000m<sup>2</sup>
- tenesteyting= 85 000m<sup>2</sup>
- kultur/hotell = 7000 m<sup>2</sup>

Med leilegheiter på 80 m<sup>2</sup> kan det gje ei nesten 2000 bustader og ei befolkning på opp mot 4000 innbyggjarar innanfor planområdet på lang sikt. Dette vil og gje konsekvensar for den sosiale infrastrukturen med omsyn til barnehage og skule.

### **Merknader ved første gongs offentleg ettersyn**

Det kom inn 30 merknadsbrev til områdeplanen. Ein av merknadene, frå Fylkesmannen i Hordaland, inneheldt motsegn med bakgrunn i manglande samanhengande grønstruktur og siktsoner.

Styringsgruppa for planarbeidet, som er personidentisk med plan- og miljøutvalet (med unntak av eit medlem som har erklært seg inhabil), gjekk gjennom merknadene i møte den 3. oktober og 6. november 2012.

Kort oppsummert er merknadene (i hovudsak) frå grunneigarane til arealbruk på eigne tomtar

*knytt til følgjande hovudpunkt (jf presentasjonen til styringsgruppa i møte den 6. november 2012):*

- 1.Ynskje om å få vidareutvikla eigen tomt ( i staden for alternativ bruk som vegareal, kollektivstasjon eller andre byggjeområde, torg og gatetun m.m.)*
- 2.For høg kvadratmetersum uteareal pr. bueining*
- 3.For lav utnytting, ynskje om fleire etasjar, nokon har ulikt syn på fasadekrav til 1. etasje*
- 4.Kostnadene ved å byggje ut vert så store at det er vanskeleg å få utbygginga rekningsssvarande*

*Andre merknader til planframlegget (ikkje uttømmande liste):*

- 1.Positivt med ei bymessig utvikling*
- 2.Torget/passasjen som plass er positivt*
- 3.Trafikale løysingar er gode, men det er stilt spørsmål ved E39, planfri kryssing av E39 aust for ny rundkøyring må vurderast på nytt*
- 4.Det er positivt med parkering under bakken, men litt ulikt syn på løysingane*
- 5.Spørsmål ved plassering av kollektivterminalen, i forhold til storleik og funksjon. Andre løysingar nemnt: ved krysset E39/fv57, Kvassnesvegen som kollektivgate*
- 6.Omsynet til dei mjuke trafikantane er viktig, ta omsyn til at elevar går gjennom sentrum til skulen, spørsmål om undergang i aust knytt til E39 kan fjernast.*
- 7.Prinsippet om universell utforming må leggjast til grunn*
- 8.Utfordra på å vektleggja arkitektonisk kvalitet og byggjeskikk*
- 9.Saknar tiltak som byggjer opp om at Knarvik er trafikalt knutepunkt og regionalt senter*
- 10.Planen må leggje til grunn framtidig vekst, og planleggje bygg og tenester for fleire innbyggjarar*
- 11.Bustader med god tilknytning til kollektivnettet*
- 12.Ta omsyn til og utvikla grøntområde, større areal til leik /friområde*
- 13.Høgare bygg og utnyttingsgrad, m.m. Ynskje om meir fleksibilitet for utbyggjar.*
- 14.Kommentarar til rekkefølgjekrava, m.a. lik handsaming, ikkje skap forsinkelser*
- 15.Kostnadene med gjennomføring er for høge, ein bør sjå ei utvikling av Knarvik etter 5-10 år*

### **Styringsgruppa sitt arbeid fram mot andre gongs handsaming**

*Styringsgruppa har gjennom prosessen fram mot andre gongs handsaming hatt eigne møte der det er gjeve føringar og signal til planarbeidet. Administrasjonen har og orientert om arbeidet i nokre ordinære møte for plan- og miljøutvalet.*

*I møte den 6. november 2012 gav styringsgruppa følgjande signal til det vidare arbeidet med områdeplanen:*

- 1.Vurder å flytta rundkøyring i aust lenger mot aust slik at den kjem inn på den etablerte Kvassnesvegen i sør (veg 8)*
- 2.Vis torg 2 som sentrumsområde, og noverande skyss stasjon vert endra til almenning med passasje under E39*
- 3.Plan over kor ein kan byggje høgare må utformast som del av kvalitetsprogrammet. Høgde opp*

*til 9 etasjar kan vurderast med balansert avtrapping*

*4. Det er viktig at det kjem lys ned på gateplan mellom bygningskroppane og inn i leilegheitene/bueiningane. Gode bumiljø er målet. Det inkluderer og uteareala.*

*5. Det må leggjast til rette for at fleire butikksentra kan etablera seg i planområdet, og det er ikkje ynskjeleg med lukka fasadar. Gate og kvartalstrukturen er viktig i Knarvik.*

*6. Det er ynskjeleg å halde på grensene for grøntområdet Kvassnesstemma.*

*I same møte vart det gjeve aksept for å gå i gang med ulike vurderingsarbeid, og å framskunda arbeidet med kvalitetsprogram.*

*Konklusjonar frå møte 20. februar 2013:*

*1. Tenkinga i presentasjonen til konsulentane er fornuftig, det er ynskjeleg å gå vidare på dette arbeidet.*

*2. I arbeidet må vi binde saman nord- og sørsida av E39, også vest-aust aksene. Alle områda må med i arbeidet*

*3. Det er viktig å få på plass forutsigbare rammer for utbygginga.*

*4. Tenkinga omkring almenningen er fornuftig. Sjå meir også på gater, det er positivt å utvida Kvassnesvegen og i tillegg gje høve til høgare bygg.*

*5. Det er viktig å få til gode funksjonar inn til almenningen*

*6. Kvartalsvis tenking der ein opnar opp for uteareal er positivt*

*7. Tenk fleire bustader inn i sentrum*

*8. Kvalitetsprogrammet må sikrast gjennomføring i plandokumenta*

*Konklusjon frå møte 13. mars 2013:*

*Styringsgruppa ber om at konsulentane utarbeider kvalitetsprogrammet etter dei prinsippa som er presentert i møtet.*

*Signal i møte 30.10.2013:*

*Styringsgruppa meiner løysinga som Asplan Viak as skisserer for av- og påkøyring til parkeringsanlegg under bakken er ei tilfredsstillande og likeverdig løysing for grunneigarar på begge sider av E39. Denne løysinga skal svare på vegvesenet sine krav. Asplan Viak vert difor beden om å teikne dette ut før kommunen sender det til Statens vegvesen.*

*Signal i møte 12.11.2013:*

*Vegval som vart teke av styringsgruppa:*

1. Eigedomen som Haugen barnehage ligg på vert vidareført som i planframlegget til offentlig ettersyn i 2012.
2. Prøv å sikre dei viktigaste områda som offentlege. M.a. vert almenningen vidareført som offentlig
3. Offentleg gatetun er godt signal å gje gjennom planen.
4. Det er viktig å sikre dei andre gangveggar/passasjar som viktige offentlege tilgjengelege område i privat eige og som skal opparbeidast privat. Vurder byggjegrænse, fargekode og sikra tilgang.
5. Tomt BL2 i framlegg til plan av 2012 - vert endra til offentlig tenesteyting.

Konklusjon etter presentasjon i møte:

«Styringsgruppa ber administrasjonen gå i lag med Statens vegvesen og Helge Hopen as for å finna ut

om dette er eit førbart alternativ. Neste møte vert om 14 dagar. Vi ber og administrasjonen sjå på alternativ ute til 1. gongs offentlig ettersyn som alternativ dersom det andre alternativet ikkje går. Styringsgruppa ber administrasjonen om å ikkje arbeide meir med parkeringsløyising og kvalitetsprogrammet før møtet om 14. dagar.»

Orientering til styringsgruppa 04.12.2013 og 22. 01.2014

Konklusjonane frå møte med vegvesenet og konsulent vart referert og presentert. Kommunen får aksept for å leggje til rette for av- og påkøyring knytt til E39 til framtidig parkeringsanlegg. I tillegg må det etablerast austleg alternativ for av – og påkøyring slik at trafikken frå aust får ein betre tilkomst. Ulukkesomfanget kan verte redusert med dette. Vegvesenet vil gje ei endeleg attendemelding på løysinga i deira merknad når planen vert lagt til offentlig ettersyn.

### **Proessen fram til andre gongs handsaming**

Arbeidet med kvalitetsprogrammet var grunnlag for dialog med m.a. grunneigarar første halvår 2013. Det vart halde to dagsmøte med ei samla grunneigargruppe, der også representantar for brukarar av sentrum vart invitert inn. I alt var om lag 70 personer/eigedomskonstellasjonar invitert i møte i tillegg til styringsgruppa og arbeidsgruppa. Seinare i prosessen er det halde møte med nokre av grunneigarane som i hovudsak har eigedomar som ikkje fekk fokus i det innleiande arbeidet med kvalitetsprogrammet.

### **Planframlegget**

For å svara på motsegnet frå Fylkesmannen om ein betre samanhengande grønstruktur, og siktaksar, vart det bestemt å framskunda arbeidet med kvalitetsprogrammet for planområdet. Intensjonen var og at arbeidet med kvalitetsprogrammet ville hjelpe oss med å gje svar på fleire av utfordringane som kom fram i høyringa, jf. styringssignala til planarbeidet. Gjennom arbeidet er det sett fokus på både byrom og aksar. Men også potensialet for dei ulike utbyggingsområda var viktig, og har fått eit spesielt fokus i arbeidet. Gjennom arbeidet i 3D modell er mogleheitene

tydeleggjort

Gjennom planprosessen fram til andre gongs handsaming er det gjort fleire endringar i planframlegget:

-Kravet til kvadratmeter felles uteopphaldsareal som skal løysast på eigen tomt (knytt til bustadar) er redusert frå planframlegget av 2012 til det føreliggjande planframlegget. I 2012 var det lagt inn krav om at dei fleste områda skulle sikra 25 m<sup>2</sup> felles uteopphaldsareal pr buening på eigen tomt. I det føreliggjande planframlegget er det lagt inn det same totale kravet til uteopphaldsareal på 25 m<sup>2</sup>, men pr 100 m<sup>2</sup> BRA bustad. Det er også opna opp for at 10 m<sup>2</sup> av desse kan dekkast inn gjennom offentlege byrom, og inntil 3 m<sup>2</sup> kan liggje på tak.

Tidlegare var kravet til uteareal ei begrening på utbyggingspotensialet i planen. Sjølv om utnyttingsgraden (%BRA) stort sett er den same for dei to planframlegga, vert det mogleg å byggje fleire m<sup>2</sup> etter den føreliggjande planen.

-Landskapet, sol og lystilhøve er m.a. lagt til grunn i vurderinga av kor mange etasjar som kan førast opp i planområdet. Etasjetalet er litt høgare i det nyaste planframlegget. I 2012 låg etasjetalet i stor grad på 3 til 4 etasjar. I det føreliggjande planframlegget er dette vidareført for fleire av eigedomane, men fleire utbyggingsområde har fått auka etasjetalet til 5 etasjar, og nokre stader 6. etasjar. To stader vert det lagt til rette for tårn, på 8 og 9 etasjar. Underetasjane som nokre stader kan brukast til næringsføremål kjem i tillegg.

-Det er lagt til rette for totalt sett fleire kvadratmeter byrom (almemming, gatetun, siktsoner og bygater) som utgjør ein samanhengande grønstruktur. Kvaliteten på desse uteromma, og almenningen spesielt, av ein så høg standard at dette kompenserer for lågare kvadratmeter uteareal på den einskilde byggetomt. Ved å fokusera på prinsippet om kvalitet og samanhengande struktur er det i prosessen kome signal om at ein reduksjon av det totale grønt arealet pr eining kan godtakast.

-Almenningen er lagt til arealet der skyss stasjonen er i dag

-Torg 2 i første framlegg til plan er lagt til sentrumsføremål

-Ny rundkøyring i aust er flytta mot aust og vert kopla på dagens trasè for Kvassnesvegen

-Det vert lagt til rette for ei likeverdig inn- og utkøyrsløp (for eigedomar nord og sør for E39) til framtidig parkeringsanlegg under bakken, knytt til E39

-Kollektivstasjonen er lagt utanfor planområdet, jf. vedteken områdeplan for tunnel på fv. 57 Knarvik-Isdalstø, og Kvassnesvegen vert ei kollektivgate med kantstopp

-Bygata, Kvassnesvegen, får ei breiare utforming enn det første planutkastet

Det er lagt inn ein viss grad av valfridom knytt til nokon av eigedomane i planområdet. Byggegrensene er juridisk fastsett i plankartet. For byggeområda langs deler av Kvassnesvegen er det i plankartet, inn mot vegen, vist to byggegrensar som kan veljast. Den eine byggegrensa går i formålsgrensa og den andre ligg om lag 5 meter innanfor. Ved å velje den inste byggegrensa, er det høve til å føra opp ei byggehøgde meir (som også skal vera inntrekk) enn om byggegrensa nærast vegen vert valt. Tanken bak dette er at byrommet, Kvassnesvegen, vert opplevd som breiare, og at utbyggjar ikkje skal tape på ei slik løysing. Det private arealet som kjem inn i byrommet skal kunne nyttast til uteservering, privat forhage, etc. Breiare gateløp vil også gje meir lys og sol inn i dette byrommet. Nokre inntrekte bygg vil gje variasjon i gateløpet.



3. *Det må vurderast å redusere moglegheita for sekundærbustad til enkelte delar av planen. Dersom denne moglegheita ikkje vert minka må det setjast av meir areal til leik.*
4. *Parkeringsmoglegheitene må utvidast slik at ein og reknar med plass for sekundærbustadene.*
5. *F\_LEIK3 skal i hovudsak etablerast som ein naturleikeplass. Innanfor dette område skal det og leggst til rette for balleik eller liknande (jf. § 2.5 i kommuneplanen). For å oppretthalde kravet om 25m<sup>2</sup> leikeareal per hovudbueining må minst 350 m<sup>2</sup> opparbeidast og lagast til rette med leikeapparat.*
6. *Illustrasjonsplanen må teiknast om slik at utbygginga med støyskjerming vert vist.*
7. *Langs med f\_KV må det leggjast inn eit belte med anna veggrunn som er stort nok til at vegen kan prosjekterast innanfor Statens vegvesens handbok 017 sine retningslinjer.*
8. *Snu-hamaren ved BF4 må dimensjonerast for lastebil klasse (L).*
9. *Alle veglenker i planen må få eigen nemning, og det må presiserast om dei skal vere i privat eller offentleg eigarskap.*



10. *Avkøyringer må markerast med pil.*
11. *BK1 står to gongar og BK 2 manglar på plankartet*
12. *Det må leggest inn byggegrense frå BF3 og BF1 mot leikeplassane.*

<<Skriv innstilling over denne teksten – ikkje slett denne meldinga – den kjem ikkje med på utskrifter – slett etter ferdig>>

#### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 04.12.2013**

##### **Fellesframlegg:**

*PMU avviser reguleringsplanen. Fylgjande punkter skal utgreiast og inkluderast i plan før den kommer tilbake til politisk handsaming.*

*1-12 som i framlegg til vedtak.*

*13. PMU krev at det skal etablerast plan for opparbeiding av gang- sykkelveg/fortau, som seinast skal opparbeidast etter etablering av 8 bueiningar.*

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 04.12.2013**

PMU avviser reguleringsplanen. Fylgjande punkter skal utgreiast og inkluderast i plan før den kommer tilbake til politisk handsaming.

1-12 som i framlegg til vedtak.

13. PMU krev at det skal etablerast plan for opparbeiding av gang- sykkelveg/fortau, som seinast skal opparbeidast etter etablering av 8 bueiningar.

##### **Saksutgreiing:**

Saksdokument vedlagt:

Planskildring, datert 21.06.13  
Sol-skugge analyse, datert 19.06.13  
Illustrasjonar, datert 19.06.2013  
Reguleringsføresegner, datert 21.06.2013  
Arealplankart, datert 18.03.13  
Illustrasjonsplan, datert 18.03.13

Saksdokument ikkje vedlagt:

Støyanalyse, datert 04.08.11  
VA-rammeplan, datert 18.06.2013

Saka gjeld:

Plan- og miljøutvalet tek stilling til om planframlegget skal leggjast ut til offentleg ettersyn.

Oppdragsgjevar for planen er Kjell Oddmund Kålås og det er Riss landskap og Norconsult som har stått for utarbeiding av planen.

Hovudformålet med reguleringsplanen er å regulere eit eksisterande bustadområde med 4 nye frittliggande einebustader og 23 konsentrerte småhus. Det allereie etablerte bustadfeltet er satt saman av 14 einebustader og 3 tomannsbustader. Dei nye bustadene følgjer kommuneplanen sine krav til tomtestørrelse og dei får i så måte godt med privat uteoppfallsareal. Føresegna opnar også for at kvar enkelt eining kan ha ein sekundærbustad på inntil 65m<sup>2</sup> på eige tomt.

Planområdet Apalen sør ligg ved Hjelmås i Lindås kommune og området er på ca 70, 4 daa. Området som ynskes bygd ut ligg oppå Apaltunellen og har bratte skrentar mot sør- vest. Byggeområde ligg så pass høgt over sjølve tunellaket at det ikkje skal føre med seg nokon problem. Ein meir aktuell problemstilling er støyen som trafikken frå vegen fører med seg. I samband med dette er det laga ein eigen støysonerapport kor avbøtande tiltak for råka bustader og uteoppfallsareal er lagt fram.

Det er ikkje offentleg servicetilbod i nærleiken av område, men det er busstilbod på E39 t/r Knarvik med andre forbindingar til Bergen og andre stader. Næraste skule og barnehage ligg på Leknes, om lag 2,5 km unna. Næraste lokalsenter med daglegvarehandel, offentlege kontor og liknande er i Knarvik som ligg 8 km unna.

Tilkomsten er dagens veg inn i område som går inn frå Leiknesvegen (Fv 391). Langs med tilkomstvegen er det regulert fortau. Tilkomstvegen går gjennom heile planområdet og ender innerst i feltet som ein blindveg kor det skal vere snumoglegheit for større bilar t.d. bossbilar. Leiknesvegen har ikkje gong/sykkelveg eller fortau. Som eit rekkefølgekrav skal deler av denne vegen utbetrast før det vert gjeve midlertidig bruksløyve for meir enn 8 nye bueningar i feltet (utan å rekne med evt. sekundærbustader). Dette er i samsvar med den tilgrensande planen for Helleåsen (Plan ID: 1263- 19032007).

### Planstatus

Planområdet er i dag ikkje regulert og kommuneplanen er førande for utbygginga. Det aktuelle arealet er satt av til byggeområde i kommuneplanen og er en del av eit større bustadområde.

Reguleringsplanen som vert lagt fram er i tråd med overordna planer.

Den nyleg godkjende reguleringsplanen for Helleåsen (Plan ID: 1263- 19032007) har delvis felles grense med denne planen si nordlege grense. Dei to planane har samanfallande rekkjefølgekrav som gjeld utbetring av Fylkesveg 391 Leiknesvegen.

### Merknader

Det kom inn fem merknader til oppstart.

- Fylkesmannen i Hordaland
- NGIR
- Hordaland fylkeskommune
- Wiggo Eriksen
- BKK

### **Vurdering:**

#### Estetikk og naboforhold

Dei planlagde husa og plasseringa av dei passer godt inn i det eksisterande bustadområde. I hovudsak er det snakk om delvis fortetting nord i feltet og ei utviding av bustadområde i sør. For dei som bur i feltet i dag vert den største påverknaden auka biltrafikk og generelt meir aktivitet forbi deira hus.

#### Frittliggende og konsentrerte småhus

Det er 14 einebustader og 3 tomannsbustader i feltet i dag, totalt 19 einingar. I tillegg til desse regulerast det no inn 23 småhus og 4 einebustader, totalt 27 nye einingar. Når desse er bygd ut er det 46 einingar i feltet. Føresegna opnar for at kvar eining kan etablere ein sekundærbustad på inntil 65m<sup>2</sup>. Dersom kvar eining lager

sekundærbustad vert det totalt 92 einingar innanfor planen.

Dette er relativt mykje i forhold til kva som er der i dag. Ei slik utbygging kan gje problem ved handtering av med anna parkeringsforhold. Dei frittliggande bustadene skal ha plass til 2 parkeringsplasser på eiga tomt, medan dei konsentrerte berre skal ha 1,5 plasser. Når kvar av desse kan ha sekundærbustad er det sannsynleg at det vert for få parkeringsplasser og at parkeringssituasjonen vert uoversiktleg. Dersom kvar eining skal få moglegheit til å ha sekundærbustad må det også visast parkeringsløysing for desse ekstra bustadene. Dette kan enten løysast på eige tomt eller i felles parkeringsplass. Ein felles parkeringsplass kan også fungere som gjesteparkering. Gjesteparkeringa bør i tilfelle plasserast sentralt i feltet.

Det er lite sannsynleg at kvar eining vil etablere ein slik sekundærbustad, men når det opnast for det, bør og planskildringa og føresegna skildre dette. Leikeplasser og vegar er ikkje dimensjonert for dette, og den reelle maksimumsutbygginga er underkommunisert i planframlegget.

- *Planskildringa bør tydeleggjere kor mange einingar planforslaget totalt opnar for.*
- *Det må vurderast å redusere moglegheita for sekundærbustad til enkelte deler av planen. Dersom denne moglegheita ikkje vert minka må det setjast av meir areal til leik.*
- *Parkeringsmoglegheitene må utvidast slik at dei også reknar med plass for sekundærbustadene.*

#### Trafikk og parkeringsforhold

Vegen som går gjennom planområdet ligg der i dag og det er i hovudsak ein forlenging av eksisterande veg. Sjølv om mesteparten av vegen allereie er laga må den likevel dimensjonerast og ved behov utbetrast for å takle den auka trafikken som utbygginga bring med seg. Ettersom det er opna for at alle husa kan ha sekundærbustad bør vegane utbetrast for å tåle den maksimale utbygginga. Utover dette er det ein del plantekniske manglar ved vegane;

Hovudvegen f\_KV er berre teikna inn i plankartet og er ikkje detaljprosjekttert. Dette betyr at vegen ikkje er optimalt tilpassa terrenget og høgder. For at ein ikkje skal møte på problem med føremålsgrensene når utbygginga startar er det naudsynt å gje meir plass til vegareal. Når ein legg inn dette beltet må det også visast omsyn til breiddeutviding i svingane.

- *Langs med f\_KV må det leggast inn eit belte med anna veggrunn som er stort nok til at vegen kan prosjekterast innanfor Statens vegvesens handbok 017 sine retningslinjer.*

Snu- hamaren ved BF4 må dimensjonerast for lastebil klasse (L). Det er viktig at denne vert utbetra slik at det ikkje kjem konflikter og framkomstproblem for bussbilar og utrykkingskøyretøy som til dømes større brannbilar.

- *Snu-hamaren ved BF4 må dimensjonerast for lastebil klasse (L).*

Vegane er ikkje riktig namngjevne. Alle veglenkar må tildelast eige namn og det må presiserast om dei skal vere private eller offentlege. Avkøyringar er ikkje markerte med pilar.

- *Vegane må få namn, og om dei skal vere i privat eller offentlig eigarskap må presiserast.*
- *Avkøyringar må markerast med pil på plankartet.*

## Barn og unge

f\_LEIK 3 er ein naturleikeplass som skal etablerast når det regulerast for 10 eller fleire bustader. Denne skal lagast i tillegg til dei andre leikeplassane og skal ikkje reknast med i arealrekeskapet over leikeareal (jf. § 2.5 i kommuneplanen). Som følgje av dette er det ikkje satt av nok areal til leikeplasser innan planområdet. Når ein reknar med sekundærbustadene er det langt på veg for lite leikeareal.

Leikeplassane ligg godt til med gode solforhold. f\_LEIK3 skal ikkje planerast, men heller opparbeidast som naturleikeplass. Dette er eit godt grep og her skal det gjerast rom for ei ballbinge eller liknande. Deler av plassen må også opparbeidast med leikeapparat slik at arealkravet på 25 m<sup>2</sup> per eining vert oppfylt. Denne vil då også fungere som nærleikeplass for dei minste borna i BF4 og BK3.

- *f\_LEIK3 skal i hovudsak etablerast som ein naturleikeplass. Innanfor dette område skal det også leggast til rette for balleik eller liknande (jf. § 2.5 i kommuneplanen). For å oppretthalde kravet om 25m<sup>2</sup> leikeareal per hovudbueining må minst 350 m<sup>2</sup> opparbeidast og lagast til rette med leikeapparat.*

## Støy

Støyforholda er grundig kartlagt i eigen rapport frå Kilde akustikk, dagsett 08.04.2011. Rapporten viser at sørlege deler av planområdet ligg i gul støysone. Støykjelda kjem frå vegtrafikk frå E39. Uteopphaldsareal med leikeplasser, samt at husa vert gjennomgåande med støyfølsame rom på stilleside er tilstrekkeleg sikra i føresegna. Illustrasjonsplanen viser ikkje støyskjerm eller korleis husa kan plasserast slik at dei fungerer som støydempar. Den bør reviderast slik at utbygginga etter støyskjerming vert vist.

- *Illustrasjonsplanen må teiknast om slik at utbygginga med støyskjerming vert vist.*

## LNFR

Restarealet ned mot Leiknesvegen har formålet LNFR som viser til at friluft er hovudformålet. Deler av dette området er så bratt og ulent at det ikkje bør eller kan nyttast til friluftsliv. Det er ingen arealformål i produktspesifikasjonen som passer direkte til slike område.

## ROS

ROS- analysen som er ein del av planskildringa er laga i tråd med Lindås kommune sine akseptkriterium. Resultatet av analysen viser at tre hendingar slår ut i gul risikovurdering.

Den første går på faren for skog/lyngbrann. Vurderinga er at det er mindre sannsynleg for at det oppstår brann, og at konsekvensane vert mindre alvorlege pga. god kapasitet på slukkevatn og rask responstid hos brannvesenet. For det økonomiske aspektet vert i midlertidig konsekvensane betydelege. Som avbøtande tiltak vert det foreslått å sette opp skilt om skogbrannfare som ein påminning om at bål-brenning er forbode på sommarhalvåret. Dersom dette tiltaket skal gjerast juridisk bindande må det takast inn i føresegna.

Den andre omhandlar faren for fall frå stup eller tunnelportal. Det er vurdert at sannsynet for at nokon fall utfor er liten, men konsekvensane for liv og helse vil normalt vere dødeleg og er dermed satt til alvorleg.

Ettersom det skal settast opp sikringsgjerder vert dei avbøtande tiltaka å avleie merksemda bort frå dei potensielt farlege områda. Leikeplasser og uteopphaldsareal skal byggast opp på ein slik måte at dei vender fokuset bort frå gjerder.

Den siste hendinga omhandlar faren for trafikkulykke på E39 som følgje av utbygginga og den aktiviteten som kjem av det. Scenarioet som er teikna opp er at gjenstandar kan kome ned i vegbana og at bilistar kan verte blenda av gjenskin frå glasflatar. Sannsynet for at ei trafikkulykke oppstår som følgje av den økte aktiviteten på tunelltaket er vurdert til mindre sannsynleg og konsekvensane er satt til mindre alvorlege for liv og helse samt økonomi. For liv og helse er det derimot vurdert til betydeleg. Det er ikkje lista opp spesifikke avbøtande tiltak for å betre denne situasjonen. Sikringsgjerde og avleiinga bort frå tunellkanten vil nok hjelpe på situasjonen.

Sjekklista som er nytta og Lindås kommune sine akseptkriter kunne med fordel blitt lista opp innleiingsvis i analysen.

### Uteopphaldsareal

Slik bustadene er teikna inn på illustrasjonsplanen vert uteopphaldsarealet liggande mot den støyutsette sida. Føresegna sikrar at støyen på uteområda ikkje skal overstige 55 dB. For at dette skal la seg gjennomføre må det enten setjast opp støyskjerm eller så må husa plasserast på ei anna måte slik at bygningsmassen fungerer som støydempar. Det er viktig at uteopphaldsarealet likevel innehar gode kvaliteter med gode solforhold.

### Universell utforming

Kravet om universell utforming av planområdet er tilstrekkeleg sikra i føresegna. At krava er følgd opp skal dokumenterast i søknad om byggeløyve.

### Plankart

Alle formåla i plankartet er teikna etter rett SOSI-kode og formål. Nokon småfeil må likevel rettast opp. Det er ikkje lagt inn byggegrense frå BF3 og BF1 mot leikeplassane. For å ikkje risikere at det setjast opp bygg som gir skugge på leikeplassane er det viktig at byggegrensene er klåre.

- *BK1 står to gongar og BK 2 manglar.*
- *Det må leggest inn byggegrense frå BF3 og BF1 mot leikeplassane.*

### **Vurdering av miljøkonsekvensar:**

Planframlegget vil medføre inngrep i eksisterande natur i høve utbygginga, men det er ikkje registrert artar eller naturtypar i området som vil bli råka av tiltaket. Eventuell handtering og avrenning frå området vert handtert i VA-plan.



# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
066/14	Plan- og miljøutvalet	PS	14.05.2014
015/14	Eldrerådet	PS	02.09.2014
	Levekårsutvalet	PS	
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Christian H. Reinshol	14/1767

## Ny 1. gangs handsaming av reguleringsplan Haghaugen felt B, gbnr 134/466 m.fl.

### Vedlegg:

Vedtak i Planutval\_med kommentarer  
Planskildring\_Haghaugen felt B\_04122013  
Fcresegner Haghaugen felt B Lindås kommune  
13019\_Haghaugen\_131204-A1  
13019\_Haghaugen\_2D\_illustrasjonsplan\_131119\_\_A3  
13019\_Haghaugen\_Snitt\_131126\_Snitt\_A3  
Fotoillustrasjon\_Haghaugen\_131028\_01  
Boligfordeling\_23.10.2013-A4\_alle etasjer

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, vedtek plan- og miljøutvalet å leggje reguleringsplan for Haghaugen felt B, gbnr 134/466 m.fl. ut til offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

1. Sikker tilkomst frå bustadblokkene over til leikeplass f\_LP1 må visast i plankart og/eller sikrast betre i føresegnene, jf. saksutgreiinga under.
2. Nemninga «Bygg og anlegg» er ikkje endra i teiknforklaringa og skal endrast til «Bustad og anlegg».

### Plan- og miljøutvalet - 066/14

### PM - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.



## **PM - vedtak:**

### **Vedtak i PMU - 14.05.14:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, vedtek plan- og miljøutvalet å leggje reguleringsplan for Haghaugen felt B, gbnr 134/466 m.fl. ut til offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

1. Sikker tilkomst frå bustadblokkene over til leikeplass f\_LP1 må visast i plankart og/eller sikrast betre i føresegnene, jf. saksutgreiinga under.
2. Nemninga «Bygg og anlegg» er ikkje endra i teiknforklaringa og skal endrast til «Bustad og anlegg».

## **Saksopplysningar:**

### **Politisk handsaming**

- Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

### **Bakgrunn**

Reguleringsplan for Haghaugen felt B var oppe til første gangs handsaming i plan- og miljøutvalet i møte 30.10.2013, sak 158/13, der det vart fatta følgjande vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12 – 10, vedtar plan- og miljøutvalet å leggje reguleringsplan for Haghaugen felt B Gnr. 134, bnr. 466 m.fl. ut til offentlig ettersyn, på fylgjande vilkår:

1. Det må lagast illustrasjonar og snitt som viser planområdet etter utbygging. Denne må vise korleis bustadblokkane, parkeringsarealet, vegar, gangvegar og uteoppaldareal vert sjåande ut etter ferdig utbygging.
2. Det må lagast tre terrengsnitt av planområde i nord- sørleg retning, og eit tverrsnitt frå vest til aust.
3. Illustrasjonsplan og snitt bør vise at gangvegane kan gjerast universelt utforma og korleis dei skal tilpassast terrenget.
4. Årsaka til å regulere store sideareal til anna veggrunn må gjerast greie for.
5. Korleis tilrettelegging av uteområde og nærleikeplass skal løysast må utredast og visast i illustrasjonsplan.
6. Før planen vert lagt ut til offentleg høyring skal området undersøkast av geolog og behov for eventuell sikring må avklarast.
7. Etter utsprengt byggegrøp, skal det utførast en geoteknisk undersøkelse for å kartlegge eventuelle sikringstiltak.
8. Det må takast inn eit rekkefølgekrav som sikrar at bekken vert lagt i rør dimensjonert for store

nedbørmengde før utbygginga er ferdigstilt.

9. VA-rammeplan må vise korleis overvatn skal handterast. VA-planen må føreligge før det vert gjeve igangsettingsløyve.
10. Før det kan gjevast igangsettingsløyve skal det ligge føre skriftleg avtale med kraftselskapet om kabling av høgspenningsanlegget over planområdet. Høgspenningsanlegget over planområdet skal vere lagt i kabel før det vert gjeve midlertidig bruksløyve for bustadane i BB1.
11. Det må sikrast god og sikker tilkomst frå bustadblokkene og fram til leikeområdet (f\_LP1).
12. Regulert breidde for vegar må tilfredsstille handbøkene krav til vald vegklasse.
13. Gangvegar skal utarbeidast med minimum breidde på 2,5 meter pluss skulder og alt naudsynt areal for å etablere dei må regulerast. Naudsynte murar må visast i planen og det må regulerast plass til desse.
14. Parkeringsanlegget må visast på plankart og/eller i føresegna i tråd med gjeldande nasjonal prod.spes.
15. Kjelde for geodata som er brukt i basiskartet skal gå fram i teiknforklaringa.
16. Byggjegrænse for BF1 og for BB1 langs parkering, GV og KV2 må visast.
17. Ta vekk (1231) til høgre for «Regulert parkeringsfelt».
18. Ta ut «Friområde (3040)» frå teiknforklaringa. Dette formålet er ikkje med i plankartet.
19. Endre «Bygg og anlegg» til «Busetnad og anlegg»
20. Endre punkt 252 i føresegn frå 50 prosent til 70 prosent universell utforming, jmf. Samfunnsdelen kommuneplan.
21. Område satt av til leik skal trafikksikrast og skal visast i illustrasjonsplan.

Etter at reguleringsplanen for gnr. 134 bnr. 466 m.fl. Haghaugen felt B, var oppe til politisk handsaming har tiltakshavar ved Ard arealplan i hovudsak gjennomført dei rettingane og presiseringane som plan- og miljøutvalet vedtok. Her følgjer ei tematisk gjennomgang av krava med vurdering av kva grad dei er følgt opp.

### 1. Illustrasjonar og snitt (punkt 1-3,5 og 21)

*Det vart stilt krav om illustrasjonsplan og fire tverrsnitt av planområdet. Illustrasjonsplanen skulle og vise korleis gangvegane kunne gjerast universelt utforma og korleis tilpassast terrenget. Uteområda og leikeplassar skulle og illustrerast.*

Illustrasjonsplanen med snitt er laga. Korleis gangvegane skal tilpassast terrenget kjem ikkje så

tydeleg fram, men ein kan sjå at utforminga let seg gjere. Ein kan stille spørsmål ved om ikkje utforminga inneber at det kjem meir skjeringar og murar enn kva planen og illustrasjonsplanen no visar. Leikeplassane er godt illustrerte i planen. Det er og tatt inn ei ny føresegn (§ 3.4.3) som sikrar at leikeplassane vert trafiksikra med gjerde mot veg.

## 2. Grunnforhold, overvatn og høgspenning (punkt 6-10)

*Det vart stilt krav om at området måtte undersøkast av geolog for å avklare eventuell sikring. I tillegg vart det stilt krav om å ta inn rekkefølgekrav om at byggegrop skulle undersøkast av geolog før bygging, at bekken vart lagt i riktig dimensjonert røyr og at VA-rammeplan måtte vere klar før igangsettingsløyve. Før igangsettingsløyve skal det og vere klarert at høgspenninganlegget over planområdet kan leggjast i kabel.*

Alle desse punkta er gjort greie for, og krava er dekt inn under nye rekkefølgekrav. Den geologiske rapporten av rasfaren i området er utført av fagfolk frå Multiconsult og skal vere av god kvalitet.

## 3. Tilkomst og vegar (punkt 4 og 11-13)

*Det vart stilt krav om riktig regulert breidde på vegar og gangvegar, samt at naudsynte murar måtte visast og plass til desse regulerast. Kvifor sideareala til vegane er så store som dei er, skulle og gjerast greie for. Sikker tilkomst frå bustadblokken og bort til leikeplassen (f\_LP1) på andre sida av vegen skulle sikrast.*

Køyrevegen (f\_KV1 og f\_KV2) er regulert til 5 meter breidde med fortau på 2,5 meter breidde. F\_GV1 er regulert med 3 meters breidde, medan dei dei andre f\_GV2-4 er regulert med 2 meters breidde. F\_GV2-4 er regulert 0,5 meter for smal, og det bør vurderast om desse skulle vore retta til riktig breidde. Dei andre vegane er i tråd med vegklasse A1.

Sideareala i f\_AVT1 er grunngeve med at linjene er henta frå områdeplanen. Det er ikkje gjort vidare utgreingar utover dette og korleis dette arealet vert sjåande ut etter utbygging er ikkje tydeleggjort i illustrasjonsplanen. I fotomontasjen er arealet vist som ei grasbakke. Det er ein klar fordel om vegen hadde vore detaljprosjekttert slik at ein fekk sjå korleis skjeringane vert og om det må lagast høge murar. Administrasjonen ser likevel at det kan vere utfordringar knytt til når denne vegen vert etablert og at ei detaljprosjektering av denne kan vere utfordrande. Det er sikra i føresegna at det kan etablerast murar, skjeringar og andre naudsynte strukturar og at desse skal vera av god kvalitet. Administrasjonen meiner at dette er tilstrekkeleg sjølv om ei detaljprosjektering med illustrasjon hadde vore optimalt.

Tilkomsten frå bustadblokka og over til naturleikeplassen er berre sikra i føresegna (§ 3.4.3), men ikkje som eit rekkefølgekrav. Korleis dette er tenkt løyst er ikkje vist i plankartet eller i illustrasjonsplanen og ein kan heller ikkje sjå at denne problemstillinga har vorte diskutert i planskildringa. Det er uheldig at borna må krysse bilvegen eller parkeringsplassen dersom dei skal bort på leikeplassen utan at tilkomsten er betre løyst enn det planen i dag legg opp til.

#### 4. Plankart (punkt 14-19)

*Det var fleire mindre feil i plankartet og teiknforklaringa.*

Alle desse feila er no retta opp, bortsett frå punkt 19, om å endre nemninga «bygg og anlegg» til «busetnad og anlegg» i teiknforklaringa. Det er riktig nemning i føresegna. Parkeringskjellaren ligg under føremålet til BB1 og den er omtalt i føresegna tilknytt bustadblokka.

#### 5. Universell utforming av bustader (punkt 20)

*I planframlegget var det vist til for låge krav til kor mange bustader som skal vere universelt utforma.*

Føresegn § 2.5.2 er no retta opp frå 50% universelt utforma til 70% universelt utforma bustader.

#### **Oppsummering**

I all hovudsak er planen no retta opp i tråd med vedtaket for plan- og miljøutvalet, men det er nokre punkt som ikkje er retta. Det er:

- Sikker tilkomst frå bustadblokkene over til leikeplassen er ikkje vist i plankart eller illustrasjon. Dette er eit viktig sikkerheitstiltak som må rettast opp. Det må skildrast korleis kryssing av veg skal sikrast, både for blokk #1 og blokk #2. Eksempelvis kan dette sikrast som innteikna gangveg frå blokk #1 mot f\_GV1 og eksempelvis sikra i føresegnene eller i kart opphøgd gangfelt frå f\_LP2 til f\_FT1.
- Gangveg 2-4 er regulert med 0,5 meter for smal breidde i forhold til kravet i handbok 17. Denne mangelen er ikkje stor, og den kan etter administrasjonens vurdering sjåast bort i frå.
- Nemninga «bygg og anlegg» er ikkje endra i teiknforklaringa, men dette er etter vår vurdering ein mindre feil som kan sjåast bort i frå.
- Vegskjeringane (anna trafikkareal) er ikkje gjort greie for. Administrasjonen meiner likevel at dette ikkje er avgjerande for kvaliteten på planen og ein kan vurdere å framstille dette på ein betre måte til 2. gangs handsaming.

Under er framlegget som var oppe til første gangs handsaming 30.10.2013 vist i 10 pkt:

-----

<b>Utvallssak nr.</b>	<b>Utvall</b>	<b>Møtedato</b>
158/13	Plan- og miljøutvalet	30.10.2013

## 1. gangs handsaming reguleringsplan Haghaugen Felt B, gbnr 134/466 m.fl

### Saksutgreiing:

#### Saksdokument vedlagt:

Planskildring, datert 24.06.13  
Arealplankart, datert 02.10.13  
Reguleringsføresegner, datert 02.10.13

#### Saksdokument ikkje vedlagt:

Innleveringsbrev, merknader og planleggar si sjekklister

#### Saka gjeld:

Plan- og miljøutvalet tek stilling til om planframlegget skal leggast ut til offentleg ettersyn.

Hovudformålet med reguleringsplanen er å etablere bustadblokker med totalt 63 einingar. Bustadblokkene skal oppførast i tre høgder der den høgaste delen ligg i bakkant mot fjellet og den lågare delen ligg framom, mot parkeringsplassen. I tillegg til bustadblokkane er det også regulert leikeplass, gangveggar og friområde. Ein einebustad er også tatt med i planområdet, men her endrast ikkje noko frå dagens situasjon.

Oppdragsgjevar for planen er FM- eigedom og det er Ard arealplan som har stått for utarbeiding av planen.

Planområdet ligg på Hilland, vest for Hillandsvegen og sør for Gangstøvegen. Planområdet er på omlag 16,5 daa.

Gjeldande kommunedelplan er Knarvik- Alversund 2007- 2019 og området er avsett til bustad.

Området er regulert i områdeplan for Haghaugen gnr. 134 bnr. 1 og 3 m.fl. Reguleringsplanen krev detaljregulering for felt B.

Området som vert regulert er ein del av områdeplanen for Haghaugen, vedtatt 28.10.2010. denne er også i tråd med kommunedelplanen for Knarvik- Alversund som gjeld i området. Sør-aust grenser planen til reguleringsplanen Vindkallen, vedtatt 28.09.2011. Dette er ein omfattande plan som legg til rette for 186 frittliggande og konsentrerte bustader. Det er også regulert område for barnehage og annan infrastruktur. Som følgje av desse to bustadplanane har Statens Vegvesen kravd utbetring av tilkomsten med oppføring av rundkøyring. Handtering av vatn- og avlaup skal samordnast mellom planane før utbygginga kan setjast i gong.

Tilkomsten er regulert i medhald av områdeplanen og ender i ein snuhammar tilpassa lastebil. Veggen gjer berre tilkomst for dei nye bustadblokkene og kan ikkje nyttast av dei eksisterande bustadane i vest. Langs tilkomstvegen er det regulert fortau som går over i gangveg ut av området. For å hindre køyring på gangvegen vert denne avstengd med bom eller anna fysisk avstenging. Fortau og gangveg sikrar turstiane som ligg der i dag på best mogeleg måte.

Det kom inn ti merknader til oppstart:

- Fylkesmannen i Hordaland
- Statens vegvesen
- Hordaland fylkeskommune
- Else Kurland
- Konrad Ulvatn og Alf Litle-Kalsøy
- Advokatfirmaet Harris på vegne av eigare av gnr. 134 bnr. 1

## **Vurdering:**

### *Detaljeringsgrad*

Planmaterialet gjer ikkje inntrykk av at korkje planlegger eller utbyggjar har klare formeiningar om korleis Haghaugen felt B vert når utbygginga er ferdigstilt. Når ein detaljplanlegg ein mindre del av ein områdeplan er formålet å detaljere og vise at planen er i tråd med TEK 10 og andre lokale føringar og regelverk. Det må og visast at infrastruktur med vegar er løyst og at bustadene får gode nok sol- og luftforhold i forhold til regelverket (TEK 10).

Planen er lite detaljert og det er ikkje laga illustrasjonar eller snitt som viser korleis bygningane og vegane skal tilpassast det bratte terrenget. Illustrasjonar bør også vise korleis bygningane vil sjå ut, knytt til volum, terreng tilpassing, høgder og sol-forhold. Det bør visast kva for fasadar som er tenkt, mindre gangvegar, opphaldsareal og anna arealbruk som gjer inntrykk av kva som faktisk vert planlagt.

- Før planen kan sendast ut på offentlig ettersyn må det lagast detaljerte illustrasjonar og snitt som viser korleis planområdet vert sjåande ut etter ferdig utbygging.

## ROS

ROS- analysen som er ein del av planskildringa er laga i tråd med Lindås kommune sine akseptkriterier. Resultatet av analysen viser at to av punkta knytt til rasfare kjem ut som raude. At noko vurderast til raud sone inneber at tiltaket gjer uakseptabel risiko og at risikoreduserande tiltak må gjennomførast. Aktuelle risikoreduserande tiltak må så sikrast i reguleringsplanen.

Dei omtalte geologiske vurderingane må gjerast før byggeløyve kan gjevast og helst før reguleringsplanen vert godkjent. Viss ikkje risikerer ein at ein tillet oppføring av bustadblokk i eit rasfarleg område.

- Før det vert gjeve igangsettingsløyve må området undersøkast av geolog og behov for eventuell sikring må avklarast. Sikringa må vere gjennomført før igangsettingsløyve vert gjeve. Dette må takast inn som rekkefølgekrav i føresegna.
- Dersom det som følgje av utbygginga vert laga høge skjeringar og fyllingar må desse vurderast av geoteknisk kompetanse. Eventuell sikring må vere gjennomført før igangsettingsløyve vert gjeve. Dette må takast inn som rekkefølgekrav i føresegna.

## Estetikk

Bustadblokkane som vert regulert bør tilpassast terrenget. Illustrasjonane som er laga gir ikkje eit godt bilete av korleis området vil sjå ut når det er ferdig utbygd. For at illustrasjonane skal vere nyttige må det først avklarast korleis bygningane skal sjå ut. Punkt 2.3.5.3 i kommunedelplanen seier at kommunen kan setje krav om at det skal lagast modell for større bygningar. Vidare vert det framheva at reguleringsplanar bør innehalde ein vurdering av estetiske omsyn og kvalitetar i forhold til uterom og bygningar. På bakgrunn av dette, og for å kunne gjere ein kvalifisert vurdering av den planlagde utbygginga må det lagast ein illustrasjonsplan som tillegg til plankartet.

- Før planen kan sendast på offentlig ettersyn må det lagast ein illustrasjonsplan som viser korleis bustadblokkane, parkeringsarealet, veger, gangveger og uteopphaldareal vert sjåande ut etter ferdig utbygging.

I punkt 2.3.4.6 i kommunedelplanen er det presisert at bygningar/ bygningshøgde skal vurderast i høve til terreng, landskap og nær/ fjernverknad. Dette inneber at konsekvensane av tiltaka skal synleggjerast.

- Før planen kan sendast på offentlig ettersyn må det lagast tre terrengsnitt av planområde i nord- sørleg retning, og eit tverrsnitt frå vest til aust.

Høgden på bygga er satt i forhold til kotehøgden. Parkeringskjellaren skal i følgje punkt 8.4 i planskildringa ligge mellom kote 51 og 54. Fyrste bustadetasje vert på kote 54 og endar i kote 78. Det er ein fordel om det i planskildringa også vert presisert kor mange etasjar det vert snakk om, og kor mange meter høge bygga vert. For allmenta og dei som har interesse for planmaterialet vil ei slik framstilling vera lettare og raskare å forstå.

### *Uteopphaldsareal*

Slik ein forstår planmaterialet skal den fremste delen av bustadblokka stoppe på eit lågare høgdenivå enn den bakre delen. Takarealet til dei lågare blokkene bør utnyttast til felles uteopphaldsareal som kan nyttast av alle bebuarar. Arealet bør opparbeidast og gjerast til eit naturleg opphaldsareal med god tilkomst for dei som bur i blokkane.

Deler av arealet bør også setjast av til nærleikeplass tilpassa dei minste barna. Det er vanleg at det vert planlagt nærleikeplassar som ikkje ligg meir enn 50 meter frå inngangsdøra. Slik planen no ser ut er det relativt langt i frå bustadblokka i nordvest til leikeplassen som skal opparbeidast aust i planområdet. Punkt 4.16 i kommuneplanen 2011-2023 presiserer at leikeareal skal vere lett tilgjengelege, lagt til rette for samhandling mellom vaksne og barn og vere sentralt plassert i høve til flest moglege bustader.

- Korleis utnyttinga av takarealet skal løysast bør utredast og visast i illustrasjonsplan. Det må vurderast om nærleikeplass kan plasserast på deler av dette arealet.

### *Barn og unge*

Det er satt av nok uteareal i planområdet, men det er ikkje forklart korleis desse er tenkt utforma eller korleis tilkomsten skal vere. Leikeplassen på nedsida av vegen (f\_LP1) skal ikkje planerast, men heller utformast som ein naturleikeplass med naturleg terreng og vegetasjon. Dette er eit positivt grep. Det bør sikrast ein god og sikker tilgang frå bustadblokkene og fram til leikeområdet (jf. punkt 4.16 i kommuneplanen 2011-2023).

- Det bør sikrast ein god og sikker tilgang frå bustadblokkene og fram til leikeområdet(f\_LP1).

### *Universell utforming*

Gangvegane i planområdet skal vere universelt utforma. Krava som er lista opp i dei tilhøyrande føresegnene er i tråd med TEK10 sine krav. Det er vanskeleg å sjå ut frå plankartet korleis ein har tenkt å løyse bygginga av gangveg 2 og 4. Dette bør komme tydeleg fram i illustrasjonsplanen og snitt som må lagast for området.

- Illustrasjonsplan og snitt bør også vise at gangvegane kan gjerast universelt utforma og korleis dei tilpassast terrenget.

### *Handtering av overvatn*

Det er ikkje gjort vurdering av kva effekt utbygginga vil ha for overvatn i området. ROS-analyse viser at det er sannsynleg at vatn vil gjere mindre skader med få og små personskader mellom kvart 20- 200 år. Dette inneber at hendinga slår ut med gul ALARP- sone i ROS-matrisa, og tiltak for å redusere risikoen skal då gjennomførast. Det er mellom anna vist til ein bekk/elv som renn gjennom planområdet og at denne må leggjast i rør dimensjonert for store nedbørsmengde. Vi kan ikkje sjå at planomtalen eller føresegna sikrar at problem med overvatn og bekkelaup vert løyst.

- Det må takast inn eit rekkefølgekrav som sikrar at bekken vert lagt i rør dimensjonert for store nedbørsmengde før utbygginga er ferdigstilt.



- VA-rammeplan må vise korleis overvatn skal handterast.

### *Køyreveg og gangvegar*

Det er ikkje gjort greie for grunnlaget for val av standardklasse i planomtalen. Dette gjeld både vegar og areal for gåande og syklende. «Norm for veg, vatn- og avlaupsanlegg» versjon juni 2004 vert også lagt til grunn for vurdering av reguleringsplanen. Denne peiker på at Statens vegvesen si «Handbok 017» skal leggast til grunn. Det er for tida to versjonar av denne; ein bør søke å følgje versjon 2013 i alle planar som skal handsamast i år sjølv om planarbeidet strekk seg månadar og år bakover i tid.

Vi føresett at gamal standardklasse A2 for vegar i bustadområder (frå Hb017[1992]) svarar til standardklasse A1 i den nye handboka. Den nye vegnormalen (017) deler ikkje gang- og sykkelløysingar i klasser, men gjev mål for differensiert utforming av bredder basert på belastninga (tal på gåande i maksimaltimen). Me føresett at det er gjort berekningar i forkant av val av løysingar for gåande og syklende i denne planen. Breddene regulert i planen tilseier lite trafikk.

Det bør gå fram av enten planomtale eller vedlagte tekniske teikningar kva stigning vegane vil få, det bør også gå fram av slike teikningar kva sjølvfall det er på vegen for å godtgjera at overvatn renner av tilfredsstillande. Det bør óg visast til korleis overvatn frå vegareala skal handsamast og kor dei skal sende dette vidare i terrenget – enten skriftleg i planomtala eller på eige teikning.

### *Køyrevegar*

Det kan verke som om den gamle handboka (017) frå 1992 er lagt til grunn for planlegging av veger. Denne utforminga har ikkje vore så aktuell å bruke andre stadar etter at handboka blei revidert i 2008. Norma for vegar i Lindås kommune sa i 2004 at dei skal utformast som ein A2 frå då gjeldane handbok 017. Det svarar til vegklasse A1 i ny handbok.

f\_AVT1 og f\_AVT2: Her bør grunnen til kvifor det er naudsynt å regulere dei store areala til anna veggrunn teknisk (AVT). Er dette skjeringar bør dette omtalast i planomtalen og illustrerast i eige teikning. Spesielt der det ikkje er samsvar med overordna plan bør løysinga dokumenterast med td. snitt og/eller planar for arrondering av terrenget.

- Årsaka til å regulere store sideareal til anna veggrunn må gjerast greie for.

f\_KV1: Regulert breidde tilfredsstillar ikkje Hb017 sine krav. Denne føresett ei regulert breidde på 5 meter for A1-vegar. Det er ikkje regulert inn tilfredsstillande breiddeutviding av køyrebanen i kurvane. Vendehammar tilfredsstillar ikkje krav til denne.

f\_KV2: Same som f\_KV1 og i tillegg er ikkje kurve før innkøyring til parkeringsanlegg merka med radius. Det er sannsynlegvis ikkje i samsvar med krav til minste radius og viser ikkje utviding av breidde. Det er heller ikkje vist åtkomst til parkering.

- Regulert breidde for vegar må tilfredsstillast handbøkene krav til vald vegklasse.

### *Gang- og sykkelareal*

Det er etter vår vurdering sannsynleg at maksimal belastning (maksimaltimen) på gang- og sykkelvegen og fortau vil overskride 15 gåande eller syklende. Bredder for både fortau og gang- og sykkelveg må dimensjonerast for korrekt antatt gåande og syklende. Grunnlaget for utrekningane bør gå fram av planomtalen.

f\_GV1: Det er ikkje regulert anna vegareal på sida av denne gang- og sykkelvegen.

f\_GV2 og f\_GV4: Gangvegar bør utarbeidast med minimum breidde 2,5 meter pluss skulder. Det bør enten visast anna vegareal på sida av gangvegen for å syne naudsynt inngrep, visast symbol for murer der dette er naudsynt eller vise i eige plan korleis dette er tenkt løyst.

Uansett må det regulerast nok areal til gang- og sykkelveg med naudsynt breidde og eventuelle konstruksjonar som gjer det mogeleg.

f\_GV3: Trapp er ein konstruksjon og bør inngå i ein illustrasjon som syner heilskapen i dette området.

- Gangveger skal utarbeidast med minimum breidde på 2, 5 meter pluss skulder og alt naudsynt areal for å etablere dei må regulerast. Naudsynte murar må visast i planen og det må regulerast plass til desse.

#### *Plankart*

Linje som illustrerer nivåforskjell har ikkje rettsverknad og bør takast ut for å unngå forvirring. Illustrasjonen kan for eksempel synast på eige illustrasjonskart med tilhøyrande snitt.

Om parkeringskjellar strekker seg utover formålsgrensa for bustad kan ein syna parkeringskjellar ved å bruke Rp bestemmelesesOmråde for å synleggjera parkeringsanlegget. Alternativt bør planen ha separat kartutsnitt for kvart nivå for å sikre at planen er eintydig og enkel å forstå. Det skal vera enkelt å skilja og identifisere dei ulike utsnitta frå kvarandre og visa samanhengen mellom dei. Teiknforklaringa skal innehalda tekst om kor mange separate ark plankartet er fordelt på. J.f .kap 1-3 prod spek. Alle utsnitt skal ha nordpil og målestokk.

- Parkeringsanlegget må visast på plankart og/eller i føresegna i tråd med gjeldande nasjonal prod.spes.
- Gards- og bruksnummer manglar og må førast på.
- Kjelde for geodata som er brukt i basiskartet skal gå fram i teiknforklaringa.
- Byggjegrænse for BF1 og for BB1 langs parkering, GV og KV2 må visast.
- Ta vekk (1231) til høgre for «Regulert parkeringsfelt».
- Ta ut «Friområde (3040)» frå teiknforklaringa. Dette formålet er ikkje med i plankartet.
- Endre «Bygg og anlegg» til «Busetnad og anlegg»

#### **Vurdering av miljøkonsekvensar:**

Det er ikkje registrert nokon sårbare artar eller andre viktige naturverdiar i området. Det er nokre stiar og turdrag som går gjennom området, desse er det søkt å ta i vare gjennom avgrensa turdrag som skal gå gjennom

planområdet. Det er også lagt opp til å ha eit naturleikeområde, noko som vil gje mindre inngrep i naturen. Dagens bekk gjennom området vil bli lagt i røyr. Inngrepa vil kunne føre til rasfare i området og det er teke høgd for at rasutsette område må sikrast før ein set i gang med arbeid i området. Det er ikkje sett konkrete krav til oppvarmingsløysningar for bygga. Det er sete krav om at det skal leggjast til rette for lading av el-bilar i garasjeanlegg for å legge til rette for at ein skal kunne benytte seg av miljøvenlege transportmåtar.

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
016/14	Eldrerådet	PS	02.09.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Margrethe Høyland	14/6103

**Leiar orienterer.**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Saksopplysningar:**